



Miljøløftet

NOTAT

Vedlegg nr. 5

Til: Styringsgruppa for Miljøløftet
Fra: Vestland fylkeskommune
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
Bjarte H. Tangenes / 412 816 15
Vår dato: 23.10.2023

Sak 90/23

Orientering om etablering av prosjektråd for Bybanen BT5 der Vestland fylkeskommune er prosjekteigar

Bakgrunn

Reguleringsplanane for Bybanen til Åsane er no vedtekne, og det er behov for å etablera eit prosjektråd for å støtte prosjekteigar. Prosjektrådet må få eit mandat som tydeleggjer ansvarsfordelinga mellom prosjekteigar, prosjektrådet og Miljøløftet, og definerer rammer for mynde, møteavvikling og rapportering.

BT5 er eit prosjekt med mange involverte interessentar og fagmiljø, samt omfattande avhengighetar til andre prosjekt som går føre seg parallelt. Kompleksiteten stiller krav til god kommunikasjon og samhandling mellom linjeorganisasjonane og prosjektet, både på utøvande nivå og på leiarnivå.

For å sikre dette på leiarnivå blir det i samband med prosjektet oppretta eit prosjektråd samansett av administrative leiarar frå Bergen kommune, Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune.

Det vert tilrådd ei slik samansetting av prosjektrådet:

- VLFK, Prosjekteigar – leiar av prosjektrådet
- VLFK: to representantar
- Bergen kommune: to representantar
- SVV, Transport og samfunn, Transport Vest: ein representant
- SVV, Utbygging, Utbyggingsområde Vest: ein representant

Prosjektdirektør i Bybanen Utbygging har møteplikt og rapporterer i kvart møte, men er ikkje del av prosjektrådet.

Leiar av sekretariatet for Miljøløftet har møterett, men er ikkje del av prosjektrådet.

Dei økonomiske rammene for prosjektet er ikkje fastsett, og det kan vere aktuelt å gjere ein revisjon av mandatet etter endeleg fastsetting av økonomiske rammer.

Forslag til vedtak

Styringsgruppa tek saka til orientering

Mandat til prosjektråd for Bybanen BT5 der Vestland fylkeskommune er prosjekteigar

Føremålet med mandatet er å gje prosjektrådet for «Byggetrinn 5: Bybanen og hovudsykkelrute frå sentrum til Åsane» (BT5) ei klart definert rolle, og med det tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom prosjekteigar Vestland fylkeskommune (VLFK), prosjektrådet og Miljøløftet. Prosjektet BT5 er i denne samanheng definert som bybane, hovudsykkelrute langs bybane eller fylkesveg og tilknytta byggearbeid som VLFK får i oppgåve av Miljøløftet å bygge ut.

Vestland fylkeskommune kan i tillegg ha byggherreansvar for tilknytta byggearbeid med anna finansiering. Mandatet omfattar ikkje slikt arbeid. Forlenging av Fløyfjellstunnelen blir gjennomført og styrt av Statens vegvesen (SVV), og er heller ikkje del av dette mandatet.

BT5 er eit prosjekt med mange involverte interessentar og fagmiljø, samt omfattande avhengigheter til andre prosjekt som går føre seg parallelt. Kompleksiteten stiller krav til god kommunikasjon og samhandling mellom aktuelle etatar og organisasjonar. og prosjektet.

For å sikre dette blir det i samband med prosjektet oppretta eit prosjektråd samansett av administrative leiarar frå Bergen kommune (BK), Statens vegvesen (SVV) og Vestland fylkeskommune (VLFK).

Prosjektrådet skal bidra til at prosjekteigar treff gode avgjerder i prosjektstyringa, og at det er godt samspel mellom prosjektet og etatane som er representerte i prosjektrådet i utbyggingsfasen av BT5.

Prosjektrådet er ein kanal for dei sentrale interessentane inn mot prosjekteigar. For at prosjektet skal nå sine mål er det viktig å nytte kompetanse og ressursar som finnast i kvar av dei aktuelle etatane. Gjennom prosjektrådet skal etatane ha moglegheit til å fremje sine saker og slik styrke si innverknad på prosjektet.

Prosjekteigar er ansvarleg for prosjektet og vil vere endeleg avgjerdstakar innanfor prosjektramma.

Ved overskriding av prosjektramme i form av tid, kostnad eller omfang, eller ved andre særlege hendingar, skal prosjekteigar varsle styringsgruppa for Miljøløftet så snart råd er.

For å sikre at prosjektrådet blir eit effektivt diskusjonsforum vil ein ha aktiv og medviten bruk av sakspapir. Sakspapir med tilstrekkeleg avgjerdsunderlag skal bli sendt ut i god tid før møtet, og referat skal bli sendt ut etter møtet. Dette skal gi kvar etat i prosjektrådet høve til å gjere interne avklaringar i forkant av kvart møte, samt følgje opp i etterkant av møta.

Prosjektrådet skal møtast éin gong i kvartalet, og prosjektdirektør i Bybanen Utbygging skal i den samanheng rapportere til prosjektrådet. Tema som vil få særleg fokus i møta vil vere framdrift, økonomi og risikoar/moglegheiter i prosjektet og samordning. Det vil vere høve til ekstraordinære møte knytt til viktige enkeltsaker eller større risikoar i prosjektet.

Prosjektrådet skal

- Vere eit rådgivande organ for prosjekteigar VLFK, og bidra til at prosjekteigar treff gode avgjerder
- Sikre at etatane i prosjektrådet er tilstrekkeleg representert og har høve til å fremje sine saker
- Gjennomgå status for prosjektet, irekna framdrift og økonomi
- Bidra til at nødvendige ressursar i involverte etatar blir tilgjengeleggjort i prosjektarbeidet
- Tilrå tiltak i Miljøløftet for å sikre prosjektet si økonomiske ramme og framdrift
- Orienterer om relevant informasjon frå prosjektet i dei involverte etatane
- Vere ein sentral kommunikasjonskanal mellom samarbeidspartane i BT5
- Dokumentere avgjerder tatt i samband med prosjektet for vidare styring og for ettertida
- Gjennomgå mandat éin gong i året eller når ein av partane ber om det.

Roller i prosjektrådet

Prosjekteigar

- Har endeleg avgjerdsmynde for prosjektet og overordna ansvar for at prosjektet når sine mål
- Ansvarleg for at prosjektet blir planlagd og gjennomført i samsvar med rammene som ligg til grunn for prosjektet
- Er leiar av prosjektrådet for BT5
- Fungerer som bindeledd mellom leiinga i VLFK og prosjektdirektør i Bybanen Utbygging
- Støttar prosjektdirektør i Bybanen Utbygging i gjennomføring av prosjektet gjennom god dialog om viktige prosjektutfordringar
- Bidreg til føremålstenleg overføring av byggetrinnet ved avslutning
- Har ansvar for å varsle styringsgruppa for Miljøløftet ved overskriding av prosjektramme, anten i tid, kostnad eller omfang, så snart råd er
- Har ansvar for å varsle styringsgruppa for Miljøløftet ved andre særlege hendingar
- Har ansvar for rapportering til styringsgruppa for Miljøløftet

Leiar av prosjektrådet

- Leiar prosjektrådsmøte
- Avgjer om at det skal bli gjennomført møte ved førespurnad frå medlemmar
- Ansvarleg for sekretærfunksjon
- Har ansvar for at saksunderlag har tilstrekkeleg kvalitet
- Har ansvar for innkalling og at sakspapir kjem i tilstrekkeleg tid før møtet
- Har ansvar for at referat blir sendt ut innan rimeleg tid
- Har ansvar for at sakspapir og referat vert journalført og arkivert

Medlemmar av prosjektrådet

- Skal ha tilstrekkeleg mynde i sin organisasjon til å kunne bidra aktivt inn i prosjektrådet sitt arbeid
- Føl opp relevante saker og tilrådingar diskutert i prosjektrådet i eigen etat
- Bidreg til god samhandling mellom prosjekt, eigen etat og Miljøløftet
- Fremjar saker i prosjektrådet ved behov
- Ber om møte ved behov

Møteavvikling

- Prosjektrådet skal møtast éin gong i kvartalet.
- Kvar organisasjon som er representert i prosjektrådet har møteplikt og skal syte for å ha ein vara.
- Bybanen Utbygging, ved prosjektdirektør, har møteplikt og orienterer om innhald i kvartalsrapport.
- Leiar av sekretariatet for Miljøløftet har møterett og skal ha tilgang til alle sakspapir.
- Prosjektrådet har faste sakspapir, som inneheld agenda, referat frå tidlegare møte, kvartalsrapport frå prosjekt og avgjerdsgrunnlag for aktuelle saker. Sakspapir vert sendt ut seinast fem dagar før kvart møte. Det vert skrive referat frå kvart møte, og kvart oppfølgingspunkt skal komme tydeleg fram.
- Kvart medlem kan be leiar om at det blir gjennomført ekstraordinært møte i prosjektrådet ved behov. Ved ekstraordinære møte gjeld ikkje dei ordinære krava til sakspapir, men leiar av prosjektrådet har ansvar for at det føreligg tilstrekkeleg saksunderlag for diskusjon av aktuell sak.

Rapportering

Bybanen Utbygging rapporterer kvartalsvis til prosjektrådet. Kvartalsrapport skal inngå som del av sakspapira, og må difor vere tilsendt leiar av prosjektrådet innan sakspapir kan bli sendt ut.

Kvartalsrapport skal innehalde:

- Status på framdrift og risikoar
- Status på økonomi, inkludert prognosar for årsforbruk pr finansieringskjelde og prognose for samla projektkostnad fordelt på finansieringskjelde
- Status på HMS og seriositetsføresegn
- Status på utfordringar og tiltak i samband med samordning
- Kvartalsrapportane vert nytta som grunnlag for tertialrapportering i SVV og Samferdsledepartementet, jf. krav frå SD datert 30.mars 2022

Prosjektrådet, ved prosjekteigar, rapporterer éin gong i halvåret til styringsgruppa for Miljøløftet. Halvårsrapport skal innehalde:

- Status på framdrift
- Status på økonomi
- Status på prosjektomfang
- Status på risikoar

Grensesnitt mellom prosjektrådet og Miljøløftet

Styringsgruppa for Miljøløftet syter for å prioritere prosjektet i porteføljen og avklare den overordna økonomiske ramma til prosjektet. Ut frå dette utarbeider prosjekteigar ei prosjektbestilling til prosjektet. Prosjekteigar rapporterer til styringsgruppa éin gong i halvåret i tillegg til kvartalsrapporteringa.

Prosjekteigar skal så snart råd er varsle styringsgruppa for Miljøløftet ved prognosar som indikerer overskriding av angitt ramme, og ved andre særlege hendingar.

Leiar av sekretariatet for Miljøløftet får tilgang til sakspapir på same tid som deltakarane i prosjektrådet, og har møterett i prosjektrådet sine møter. Sekretariatet for Miljøløftet handterer orienteringa vidare i sine relevante organ.